


ÅRSMELDING 2025



**Strand kyrkjelyd
- kyrkje med rom for alle**

STRAND SOKNERÅD

Eli Nesvåg, leiar
Jostein Woie, nestleiar
Odd Bjørn Næss
Heidi Heggheim
Ivar Haugvaldstad
Nils Terje Krumsvik

Vararepresentantar
Tore Voster
Sigbjørn Turøy
Svein J. Risøy
Ester Haugvaldstad

Martin Ivar Arnesen, sokneprest
Liv Åse Gaard, sekretær

Soknerådet har hatt 8 møte og handsama 53 saker i 2025.

Kulturutval:


Magne Grødem, Synnøve Keilegavlen Nygård, Trond Hjorteland,
Aslaug Elin Kleven, Anders Berglund (tom 30.09.25).

Diakoniutval:

Nils S. Eie, Reidun Fjelde, Marit Nag

TILSETTE I STRAND SOKN

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen
Organist:	Anders Berglund (tom. 30.09.25) Olga Terekhova (fom. 01.10.25)
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Sofie van Beuzekom Dmytro Sivertsen
Diakoniarbeidar:	Marta Frantzen
Kyrkjeverje:	Øystein Marton Lode



GUDSTENESTER OG TAL 2025

I Strand sokn er det 4002 medlemmer pr. 31.12.24 (17 færre enn 2024). Det er gudsteneste nesten kvar søndag, samt heilagdagar. Mange aktive frivillige, og tenesteheftet blir sendt ut til ca. 80 husstandar kvart semester.

I statistikken vil spesielt tal på gudstenester, frammøte, inntomme i offer – vere avvikande i 2021 pga. koronapandemien.

Strand kyrkjelyd	2021*	2022	2023	2024	2025
Døyppte	62	46	44	50	50
Vigsler	18	15	19	17	19
Gravferder	40	43	27	42	45
Konfirmantar	57	55	66	49	51
Innmeldte i DnK	6	2	8	5	5
Utmeldte i DnK	47	23	15	21	13
Hovudgudstenester (m. lør.)	52	47	46	47	44
Gj.snitt frammøte	104	165	169	181	175
Gudstenester m. nattverd	18	19	22	24	17
Gj.snitt nattverdsgjestar	77	84	78	119	111
Inntomme kyrkjeoffer i alt	318 835	336 838	363 644	337 536	342 280
Av dette til eiga verksemd	131 320	150 110	86 876	86 806	83 192
Inn givarteneste og gåver til krk.l.arbeidet	109 578	127 294	105 476	124 874	90 730

TRUSOPPLÆRINGSMIDLAR 2025

INN Tildelte midlar 2024 **506 000,00**

UT

Lønn (30% men.h.pedagog, 20% kateket) 480 700,00

Adm. kostnader 25 300,00

SUM UT **506 000,00**

REKNESKAP 2025

UT

Overført offer til andre	259 087,94
Lønn (men.h.pedagog 20 %)	200 912,00
Medlemsavgifter, refusjoner, gaver til andre org.	41 649,00
Forbruksvarer: Mat, akt.utstyr	267 427,83
Gaver og jublantblomster	8 503,75
Annonser	14 596,00
Leige Vaulali, haustferieleir	42 015,00
Kurs/leir, transport	13 683,92
Inventar og utstyr	54 151,60
Honorar og reiseutgifter	189 542,30
Gebyr bank, Vipps	9 535,32
SUM UT	1 101 104,66

INN

Offer til andre i gudstenesta	259 087,94
Innsamla til andre (julegåver, Fasteaksjon, nødhjelp, ...)	36 425,00
Offer til eiga verksemd i gudstenesta	83 192,00
Givarteneste og gåver	90 730,00
Kontingentar, medlemspengar	19 040,00
Eigenbetaling div aktivitetar, turar, arrangement	298 307,75
Sal kiosk, middag, lodd	32 634,99
Tilskot	316 732,95
Refusjon frå staten (MVA)	57 027,00
SUM INN	1 193 177,63
Brutto driftsresultat	92 072,97
Renteinntekter	13 688,00
Netto driftsresultat – meirforbruk	105 760,97

BALANSE

Bank 31.12.2025	362 922,13
Fordringar/kasse	57 636,75
SUM EIENDELER	420 558,88
Disposisjonsfond frå 2024	264 269,96
Årets resultat	105 760,97
Sum eigenkapital	370 030,93
Kortsiktig gjeld	50527,95
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	420 558,88

REKNESKAP NY KYRKJE 2025

Materialer, utesitteplass	18 114,85
Inventar, utstyr	57 413,13
Gebyr (Solidus, Vipps, bank)	13 123,24
Overført til andre	350,00
Overført Strand krk. Fellesråd (innsamla til ny kyrkje)	750 000,00
SUM UT	839 001,22

Givarteneste og gåver	649 780,50
Gåver frå firma	79 000,00
Utleige, sal	57 965,00
Offer	50 072,50
MVA-kompensasjon	17 077,00
SUM INN	853 895,00
Brutto driftsresultat	14 893,78
Renter	17 098,00
Netto driftsresultat - meirforbruk	31 991,78

BALANSE

Bank 31.12.2025	75 499,26
Fordringar/kasse	24 577,00
SUM EIENDELER	100 076,26
Disposisjonsfond frå 2024	67 559,48
Årets resultat	31 991,78
Sum eigenkapital	99 661,26
Kortsiktig gjeld	415,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	100 076,26

NETTO INNSAMLET PR 31.12.2025: 8 649 661
MÅL: 11 000 000

FRÅ 2025....

STRAND KYRKJE (innvigd 04.11.1874)

Solcelletaket produserer årleg ca. 20 000 kWh.
Kyrkja har varmestyringsanlegg.
Vigsler og gravferder er i Strand kyrkje.
Det blei halde ei gudsteneste i Strand kyrkje i juli.



TAU KYRKJE (innvigd 12.09.2021)



Gudstenestene er i Tau kyrkje.
Kyrkja er også i høgste grad ei
kvardagskyrkje som er i bruk heile
veka og fylt med aktivitetar.
På dagtid er det utleige til Strand
VGS, og på ettermiddag/kveld ulike
tilbod til barn, unge og vaksne som
kor, klubb, konfirmantarbeid,

temasamlingar, foreiningsmøter, kulturkveldar, konsertar osv.

Strand sokneråd har konto for gåver og givarteneste til Tau kyrkje
og skal samle inn 11 millionar kroner.

Pr. 31.12.25 var det samla inn kr 8,65 mill.

Dugnad kyrkjer

Det var vaskedugnad både i Strand kyrkje og Tau kyrkje vår på
våren. Her blei det vaska kjøkken, benkar, vindauge ute og inne,
pusa lysekroner m.m. Det var også dugnad ute rundt Tau kyrkje
med luking av bed og gangstiar, skrubbing av steinheller, rensking
av vassbasseng, flytting av pallekarmar, m.m.

Uteplass

I løpet av vår/haust blei det laga ferdig uteplass med sitteamfi rundt
bålplass. Rundt sitteplassen er det planta prydbuskar, bærbuskar og
frukttrær. Det var frivillige frå soknerådet og kyrkjelyden som
teikna og laga uteplassen.

Stavanger bispedømme 900 år

I høve feiring av dette jubileet hadde Tau kyrkje markering av dette
på gudstenesta 2. februar med besøk av ein jubileumsbåt som var
innom alle sokna i bispedømmet.

Ukrainsk kulturkveld

I mars arrangerte Språk-kafeen ukrainsk kulturkveld med allsong,
opptredenar og mat.

Påskechurch

Tau kyrkje hadde for 4. år på rad besøk av Stavanger Gospel Company med Påskechurch – ei vandring i ord og tonar gjennom påskeevangeliet saman med pastor Siri Iversen.

Basar

I april hadde me basar i kyrkja til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet. Tau Barnegospel, dansegruppe og ungdommar deltok.

Opning av Tau torg

I mai var det innviing av det nye torget på Tau. Her var det liv og røre med mange salsbodar. Kyrkja hadde også bod - soknerådet og ungdommar stod for sal av grillmat m.m. og hadde aktivitetar med lykkehjul og ansiktsmaling.

Supersøndagar med kyrkjemiddag

Nytt tiltak dette året var gudstenester der ein legg spesielt til rette for barnefamiljar. Det blei sett opp bord og stolar i kyrkjesalen, med ark og fargar på borda. Etter gudstenesta var det aktivitetar for barn og ungdom, samt sal av middag, kaker, kaffi og saft.

Julemarknad 7. des.


Soknerådet deltok med «bod» under julemarknaden i Mølleparken. Soknerådet og ungdommar stod for sal av graut, lappar, kaffi, saft og hadde nokre aktivitetar for barn.

Innsamling og utdeling av julegåver


I desember arrangerte kyrkjelyden i samarbeid med Strand VGS avdeling helsefag - innsamling av mat og julegåver til flyktingar. Det blei levert ut mat og julegåver til ca. 25 familiar.

Juletreffest

Soknerådet arrangerte juletreffest torsdag 2. januar. Ca 100 personar deltok, eit positivt tilbod som soknerådet ønskjer å halde fram med.



PREIKESTOLEN



Preikestolen er felles kyrkjeblad for Strand, Forsand og Hjelmeland.

Bladet kjem i eit opplag på ca. 7 200 blader og går ut til alle husstandar i Strand, Forsand, Årdal, Fister og Hjelmeland.

Styret for Preikestolen:

Kyrkjevevje Strand: Øystein Lode

Kyrkjevevje Hjelmeland: Mette Ingvaldstad

Dagleg leiar Forsand: Siv Fossan

Prost: Sigrid Sigmundstad /
Sigrunn H. Arnesen
konst. fom. 01.11.25

I 2025 blei det gjeve ut 4 nummer, 286 innbetalingar til abonnement.

Rekneskap

INN		UT
Abonnement	kr 92 136,00	kr 135 500,00 Trykkeri
Annonser	kr 92 100,00	kr 93 000,00 Distribusjon
Offer kyrkjene	kr 48 278,80	kr 7 200,00 Grafisk arbeid
mva-komp.	kr 18 600,00	kr 1 113,75 Gebyr Vipps
Renter	kr 4 684,00	
SUM INN	kr 251 114,80	kr 236 813,75 SUM UT

Årsresultat: kr. 18 985

KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING

I 2025 var det 977 medlemmer i aldersgruppa 0-19 år, og ca. 700 deltok på ulike arrangement.



0-1 år - Babysong

Kvar veke i jan.-april og sep.-des. 43 barn har vore innom (60%)

1-3 år - Barnesong

Kvar veke jan.-april og sep.-des. 47 barn har vore innom (61% av 2-3-åringar).

4 år – Fest med føresette 16 barn (31%)

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebok, 28 barn (54%)

8 år – Kongeklubben

Ei helg i mars med 5 t opplegg i kyrkja lørdag, og deltaking på gudsteneste søndag. 17 barn deltok, (43%)

9 år – Tårnagenthelg

I Strand kyrkje lørdag ettermiddag og gudsteneste i Tau kyrkje søndag. På våren. 22 barn, (42%)

10 og 11 år - Haustferieleir på Vaulali

Leir over to døger. Tema: Bibelen. 33 barn deltok (31%). 5. og 6.trinn.

11 år – Lys Vaken

Første helga i advent med opplegg i kyrkja lørdag ettermiddag/kveld, og deltaking på gudsteneste søndag. Blei avlyst pga. for få påmeldt.

Tau kyrkje søndagsskule

Det var søndagsskule 18 gonger fordelt på to grupper, 3-7 år, 8-11 år. Gjennomsnitt frammøte er 13 stk. 70 barn var innom.



Tau Barnegospel

Barnegospel er for barn frå 4 år og oppover. Dei har øvingar annakvar tysdag med eit snitt på 20 barn som deltar. Kveldsmat etter øvinga.

I haust arrangerte dei korseminar og konsert med Seven-jentene.

Danseseminar for 3.-7.trinn blei arrangert samtidig med Kongeklubben i mars, med øving laurdag og deltaking på gudsteneste søndag. 17 barn deltok.

Superonsdag

Frå hausten 2025 utvida / endra me barneklubben til Superonsdag. Målet med dette var å inkludere enda fleire, og ikkje bare barn og barnefamiliar. Samling annankvar onsdag kl. 15.30 -17.00, med eit måltid varm mat, andakt, hobbyaktivitet, snikkarverkstad, spel og leik. Mellom 70 og 80 kvar gong – vaksne, born og ein del ungdom.



Etter skuletid – nytt hausten 2025

Som ein del av superonsdag starta me også opp med eit tilbod for skuleborn rett etter skulen og fram til middagen kl. 15.30

Her får dei eit enkelt måltid, og etterpå kan dei få hjelp til lekser, leike og spele spel. Det er også tilbod om å delta på songgruppe – der dei som er med syng songen dei øver på under andakten seinare på dagen.

God spreing i alder på dei som kjem, og talet ligg på i overkant av 20 born.

Kick

Samlingar for 5.-7.trinn i kyrkja annankvar fredag kl.18-19.30.

Her er det samling med andakt og song i kyrkjesalen, gratis mat og sal i kiosken, og forskjellige aktivitetar på kyrkjetorget.

Hjelpeleiarar (Kick +) møter opp ein time før og hjelper til med å forberede arrangementet – som ein del av leiartreninga dei er med på. Gjennomsnitt frammøte er 48 barn. 114 barn var innom i haust.



Kick+ er ei ressursgruppe for Kick, frå 6. og 7.trinn som er med og planlegg samlingane, dei er forsongarar og står i kiosken. Dei har også eigne samlingar, ca.1 pr. månad. Våren -25 var dei 11 stk. frå 7. trinn, ny gruppe starta like før jul, med 14 barn i 6. og 7. trinn

Samarbeid med skular og barnehagar

Barnehagar - det er 4 barnehagar i soknet

Alle barnehagane deltok på julevandring med 4- og 5-åringar i desember. Ein barnehage kom på påskevandring.

Skular

Alle skulane deltok på skulegudstenester i Tau kyrkje før jul, fordelt på 3 gudstenester.

Me hadde påskevandring for 2.trinn og pinsevandring for 4.trinn

Arbeid for unge 13-20 år

Konfirmasjonstid 2024/2025

Året består av undervisning, leir, aktivitetsgrupper, gudstenester, heimegrupper, innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp, konfirmantfest med meir. Me var tilbake til eigen leir på Furutangen siste helga i september.

51 blei konfirmerte i 2025, (91%).

I tillegg blei 8 konfirmert andre stadar (3 i Norkirken, 3 på Tau bedehus/NLM og 2 i Jørpeland kyrkje)

Basic (ungdomsklubb)

For ungdom i ungdomsskulealder. Me startar alle samlingar med aktivitetar i gymsal. Etterpå fortset kvelden i kyrkja. Først ei samling med andakt og song i kyrkjesalen og etterpå mat og sosialt i kjellaren.

Ungdommar er involvert i planlegging og gjennomføring. Me har også nokre større arrangement i løpet av året – som fotballcup, julebord / nyttårsball og sommaravslutning. I gjennomsnitt kjem det omtrent 50 ungdommar på samlingane.

Basic + (ungdomsleiargruppe)

Gruppa består av 21 ungdommar som fungerer som eit styre i Basic. Me har samlingar ca. ein gong i månaden der me lagar mat, snakkar saman og har det sosialt. I tillegg har me også hatt overnatting i kyrkja, bowla i Stavanger og hatt team-building på «Fangene på fortet». Fordi Basic er tilslutta KRIK sentralt, har mange i denne gruppa også deltatt på leiarsamlingar dei har arrangert.

UL - VIDERE

Leiartrening frå 10. klasse og oppover.

Gjennom undervisning og praksis skal ungdommane utvikle seg som kristne og som leiarar i kyrkjelyden.

19 ungdommar har vore med gjennom året.

I juni arrangerte me leiartur til Barcelona.

13 ungdommar og 6 vaksne var på ein tur som både var lærerik og sosial.

ENTER - ein plass å vere, saman

Ein uformell open møteplass for ungdommar frå 10. klasse og oppover. Mat, kiosk, biljard, Play Station, brettspel mm.



MISJON

Misjonsprosjekt

Strand kyrkjelyd har misjonsavtale med NMS om 2 prosjekt:

Menighetsbygging i Estland

Landsbyutvikling på Madagaskar

Soknerådet har avtale om desse 2 prosjekta ut 2027.



Ein vil ha fokus på misjon i kyrkjelyden ved å

- Gi 8 offer i året til misjonsprosjekta.
- Be for misjonsprosjekta i gudstenesta
- Be for misjonærer som er ute i teneste
- Informere om misjonsprosjekta

Det var 10 ofringar i kyrkja til Misjonsprosjekta i 2025.

Innsamla: kr. 92 946.

KULTUR

Kulturarrangement

Kulturutvalet stod for mange kulturarrangement i 2025.

Temakveldar med

- Sven Egil Omdal
- Erika Fatland
- Andreas Bjørntvedt
- Henrik Syse
- Egil Svartdahl

Andre arrangement:

- Bedehumor med Leif Arild Steen,
- Tau kyrkje Syng! med Hilde Svela,
- Rockesokk-konsert,
- konsert med Gilberdal.



I tillegg var det arrangement og konsertar i kyrkja ved andre eller ved utleige:

- Vårkonsert med Kornelius og Inger Lise Hope,
- 2 julekonsertar med Kornelius, Elias Salbu og Tobias Santelmann
- «Vinterpust» m/Thea Sofie Barka, Mathias Keilegavlen og Ole-Petter Ålgård og gjester.

Aktiv-klubben

Aktiv-klubben har eige styre, men er ein del av kulturutvalet sitt arbeid. Det er samling siste måndagen i månaden. Program: Tema/foredrag, måltid, drøs, kveldstankar. Frå 75-300 frammøtte på Aktivklubben.

Tema i 2025 ved:

Oddny Kjølvik, Anne Kalvig, Karl Egil Johansen, Erik Larsen, Sigrunn H. og Martin Ivar Arnesen, Øystein Lode, Egil Svensen og Svein Kåre Langeland, Fartein Valen-Sendstad

FLEIRE TILBOD

Open kyrkje - bønneteneste

Det er open kyrkje om lag annakvar måndag kl. 18-19. Bønnesamling ein halvtime før kvar gudsteneste.

Strikkekafé

Strikkekafé på kyrkjetoget ein måndag i månaden kl. 19-21.



Kirkeklubben –

Klubb for ungdom med hjelpebehov

Klubben har klubbkveld ein tysdagskveld i månaden i Jørpeland kyrkje, aldersgruppe 15-30 år. Frammøte ligg jamt på 35 stk. Det er vaksenleiarar frå Strand og Jørpeland kyrkjelydar.



Helsing til jubilarar

Jubilarar får helsing frå kyrkjelyden ved fylte 85, 90, 95, 100 år. Diakoniutvalet går med blomster og brev.

Sorggrupper

Det er ei sorggruppe vinteren 2025/2026 i Jørpeland kyrkje – samarbeid mellom Strand, Forsand og Jørpeland sokn.



GÅVER OG GIVARTENESTE

Innsamling Tau kyrkje

Kontonr. 3205 20 60477



Arbeid for barn og unge

Kontonr. 3205 30 02233



Gåver gir rett til skattefråtrekk